



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
09.09.2016
Dykkar dato
06.06.2016

Vår referanse
2016/3785 632.3
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Supplerande tildeling - Radøy - Midlar til symjeopplæring av nykomne minoritetsspråklege elevar - pnr 62069

Fylkesmannen overfører **kr 7950** til Radøy kommune, organisasjonsnummer 954 748 634, kontonummer 3636 07 00776. Utbetalinga vert merka, pnr. 62069.

Bakgrunn for tildelinga

Radøy kommune fekk etter søknad tildelt kr 13050 til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar i grunnskulen våren 2016. Utdanningsdirektoratet har tildelt ekstra midlar til formålet og overføringa kjem difor som tillegg til det som allereie er utbetalt. Ein føreset at midlane blir brukt i samsvar med søknaden.

Rapportering

Kommunen skal rapportere på heile beløpet som er tildelt til symjeopplæring for minoritetsspråklege elevar i 2016. Rapporten skal vise kor mange som har gjennomført symjeopplæring og kor mange timar symjeopplæring som er gitt. Frist for rapportering er **15.desember 2016**.

Fylkesmannen kan føre kontroll

Vi gjer merksam på at Statens bevillingsreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.